

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Selskap: Helse Vest RHF  
 Dato skriven: 20.05.05  
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Hilde Rudlang  
 Saka gjeld: **Pasientar som har venta meir enn eit år på behandling**

**Styresak 49/05 O**

**Administrerande direktør si orientering pkt. 2**

**Styremøte 27.05. 2005**

## Bakgrunn


Som styret har etterspurt, er det nå gjort ei nærmare analyse av gruppa med pasientar som har venta meir enn eit år på behandling. I tråd med vedtaket i styret, er problemstillingar rundt langtidsventarar tatt opp med helseføretaka og dei private ideelle institusjonane i fleire samanhengar.

## Kommentarar

Talet på pasientar som har venta meir enn eit år på behandling i Helse Vest, er kraftig redusert det siste året. Dette gjeld for alle helseføretaka. Den positive utviklinga har flata ut dei siste månadene, noko som gir grunn til uro.

Den positive trenden vi har sett i helseføretaka, gjeld ikkje når vi ser samla på dei private institusjonane med avtale med Helse Vest RHF (jf figuren). Etter ein nedgang hausten 2004, har det vore ei auke i talet på langtidsventande pasientar, og talet er langt høgare i mars 2005 enn for eit år sida.

Samla sett er det for mange pasientar som må vente meir enn eit år. Det er derfor nødvendig å rette særskilt merksemd mot langtidsventarane.



## **Private institusjonar**

Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus (HSR) har hatt ein kraftig auke i talet på pasientar som har venta meir enn eit år; i august 2004 hadde HSR 5 langtidsventarar og 105 i mars 2005. Til samanlikning hadde Haraldsplass Diakonale sjukehus 70 i august og 21 i mars. Dei andre private institusjonane hadde ingen pasientar som har venta meir enn eit år.

## **Med og utan rett til nødvendig helsehjelp**

I mars 2005 var det 640 pasientar med rett til nødvendig helsehjelp som har venta meir enn eit år, mens det same gjeld for 477 pasientar utan slik rett. Størstedelen av dei langtidsventande pasientane med rett, blei behandla innan 16 månader (70 %), mens dei langtidsventande pasientane utan rett, i snitt måtte vente enda nokon lenger.

## **Fagområde med mange langtidsventarar**

Så si alle dei langtidsventande pasientane, ventar innanfor somatiske fagområde (1060 pasientar). Hovudtyngda ventar på poliklinisk behandling (743 pasientar), mens ein del ventar på innlegging (343 pasientar).

Av tabellen nedanfor går det fram kva for fagområde som i mars 2005 hadde meir enn 80 pasientar som hadde venta meir enn eit år på behandling. Tabellen viser kva for helseføretak/institusjon som hadde dei fleste av desse pasientane, og fordelinga mellom pasientar med og utan rett til nødvendig helsehjelp.

Fagområde	Tal på langtidsventande pr mars 2005	HF/inst med flest ventande (talet på pasientar)	Med rett	Utan rett
Gastroenterologisk kirurgi	131	Førde (67)	102	29
Ortopedisk kirurgi (inkl revmakirurgi)	110	Bergen (72)	84	26
Fysikalsk medisin og rehabilitering	106	Stavanger (106)	1	105
Revmatiske sjukdomar	105	HSR (105)	103	2
Augesjukdomar	94	Bergen (59) Stavanger (31)	19	76
Hjartesjukdomar	91	Bergen (86)	72	19
Urologi	86	Stavanger (76)	80	6

I mars 2005 var gastroenterologisk kirurgi det fagområdet med flest langtidsventarar. Over halvdelen av desse pasientane ventar i Helse Førde, og alle desse har rett til nødvendig helsehjelp. Dei siste månadene har talet på ventande i Helse Førde auka, mens talet i Helse Stavanger er redusert, og talet i Helse Bergen har vore relativt stabilt. Det kan vere grunn til å sjå på årsakene til denne utviklinga.

Innanfor ortopedisk kirurgi (inkl revmakirurgi) har det vore ein nedgang i talet på langtidsventande sidan september 2004, men med ein liten auke i februar og mars 2005. Dei fleste som har venta over eit år, ventar i Helse Bergen.

Innanfor fagområdet fysikalsk medisin og rehabilitering har det vore ein jamn auke frå 18 langtidsventande i juli 2004 til 106 i mars 2005. Alle desse ventar i Helse Stavanger, og så og si ingen har rett til nødvendig helsehjelp. Det kan vere grunn til å sjå på registreringspraksis.

Når det gjeld revmatiske sjukdomar har det vore ein auke frå 5 langtidsventande i august 2004 til 105 i mars 2005. Så og si alle har rett til nødvendig helsehjelp og alle ventar ved HSR, jf omtale ovanfor.

På fagområdet augesjukdomar har det vore eit relativt stabilt tal langtidsventarar i Helse Vest samla, men ein auke i Helse Stavanger dei siste månadane.

Innanfor hjartesjukdomar har det vore ein auke frå 49 langtidsventarar i november og desember 2004 til 91 i mars 2005.

Når det gjeld urologi har det vore ein nedgang frå 170 langtidsventarar i november 2004 til 86 i mars 2005. Dette dreier seg i hovudsak om Helse Stavanger.